



# Forsand kommune

Seksjon teknisk

## Informasjon om tildeling av vegadresser i Forsand kommune - høyring

Kommunestyret har vedteke at det skal tildelast offisielle vegadresser. Det er mange og store fordelar med presise adresser, både ved uttrykking, distribusjon òg anna offentleg og privat tenesteyting. I dette brevet finn du meir informasjon om adressesetdelinga:



### Kven kan svare på spørsmål?

Vedtak frå formannskapet på forslag til vegnamn blir lagt ut på nettsida til Forsand kommune. Det vil òg bli annonsert i Stavanger Aftenblad og Strandbuen.

**Samtidig innbyr formannskapet alle til å komma med forslag til vegnamn på det nye byggefeltet i Bergebakkane. Høyringsfrist 29.05-19.06.12. Same med forslag til namn.**

På denne linken kan du lesa meir i adresseveglederen og handbok for adressering:

[http://www.kartverket.no/nor/Matrikkel/Matrikkellov\\_og\\_regelverk/Adresse/](http://www.kartverket.no/nor/Matrikkel/Matrikkellov_og_regelverk/Adresse/)

Teknisk seksjon i Forsand kommune, kan gje deg meir informasjon om tildeling av offisielle vegadresser.

Ta kontakt med Brit Marit Knudsen på tlf: 51700110 eller [bmkn@forsand.kommune.no](mailto:bmkn@forsand.kommune.no)

### Kva er ei offisiell adresse?

- Ei adresse som seier kvar staden ligg.
- Eit vegnamn, adressenummer eventuelt eit bustadnummer og adressesetleggsnamn.
- Adressa skal hjelpe publikum, posten, sjukebil/ brannbil og andre å finne fram.

### Kva er eit adresseobjekt?

- Alle faste bustader, bedriftslokale, fritidsbustader og i mange tilfelle tomter, vert definerte av lovverket som eit adresseobjekt.
- Adresseobjektet vert tildelt ei offisiell adresse sett saman av adressenamn, adressenummer og eventuelt adressesetleggsnamn.
- Er det fleire einingar med same ytterdør, nyttar ein i tillegg eit husværenummer.



### Kva er eit husværenummer?

- I bygningar med fleire husvære med felles inngang, skal kvart husvære ha eit eige husværenummer.
- Huseigar får tilsendt ein oblat med husværenummer som skal festast på eller ved inngangsdøra til husværet. Oblaten vert sendt direkte til huseigar.
- Ved flytting til eller frå ein bustad med husværenummer, gjev ein dette nummeret til Folkeregisteret i tillegg til vegadressa.

### Kva er eit adressesetleggsnamn?

Når adressa gjeld eit gardsbruk, kan den som har grunnboksheimel til eigedommen (eigar) krevje at den offisielle adressa òg skal omfatte garden sitt bruksnamn, dersom namnet fell språkleg og geografisk saman med eit nedarva stadnamn, jf. lov av 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn. Dette gjeld då såkalla "kulturhistoriske bruksnamn". Også namn på særleg kjente institusjonar eller bygningar kan være med som slikt adressesetleggsnamn dersom allmenne omsyn taler for det.

### **Kva er skilnad på offisiell adresse og postadresse?**

- Ei offisiell adresse er staden adresseeininga er plassert.
- Postadressa er leveringsadressa for post og inneheld i tillegg til vegadressa også eit postnummer og eit poststadnamn. Postadressa kan også vere ein postboks (postboks og nr. i staden for veg-/gateadresse).
- Om ikkje anna er avtalt med Posten, er difor den nye vegadressa no også ny postadressa saman med postnummer og poststadnamnet.

### **Val av offisielt adressenamn**

- Kommunestyret eller underordna politiske organ deler inn vegnett og avgrensar område (t.d. ei øy) i adresseparsellar.
- Kommunestyret vedtek vegnamn og områdenamn (adresseparsellnamna).
- Kommunen prøver så langt det er råd, å ta vare på kulturverdiar i lokale stadnamn. Det skal og takast omsyn til munnleg bruk av namna slik at ein unngår forvekslingar ved oppringing til redningsinstansar, tinging av transporttenester med meir.
- Før politiske organ i kommunen gjer sine vedtak, vert forslaga lagt ut til offentleg høyring.

### **Korleis vert nummer tildelt?**

- Seksjon teknisk i kommunen tildeler adressenummer og husværenummer.
- Hovudregelen er at hus på høgre sida av vegen får oddetalsnummer og husa på venstre sida får partalsnummer
- Ved spreidd busetnad nyttar ein avstandsnummerering der det vert sett av eit adressenummer per 10 meter veg. Til dømes får eit hus som har avkøyring på høgre side 2570 meter frå startpunktet, adressenummer 257. Ligg huset på venstre sida får det nr. 258. Ligg avkøyringa 18 km frå startpunktet, får huset adressenummer 1800 om det ligg på venstre sida og 1801 om det ligg på høgre sida av vegen sett frå startpunktet.
- Der adresseparsellen er eit område, vil nummereringa gå fram av skilt på staden.



### **Skilting av adressene**

- Adressene skal skiltast slik at ukjende skal finne fram også når det er mørkt.
- Kommunen har ansvaret for å setje opp og vedlikehalde adressenamnskilta.
- Kommunen har og ansvaret for å setje opp tilvisingsskilt ved sidevegar/stiar.
- Huseigar har ansvar for å skilte adresseeininga.
- Skilta skal vere utforma i samsvar med gjeldande standard og plassert slik at dei syns godt
- Dersom du oppdagar at kommunale skilt er øydelagde, er det fint om du opplyser seksjon teknisk i kommunen om dette.

### **Melde frå om ny adresse**

Huseigar har plikt til å informere leigetakar. Du må sjølv informere andre om adressa di.

### **Endring av offisiell adresse**

Kommunen kan endra tildelt(e) adresse(r). Dette vert gjort etter retningslinjer i regelverket og når kommunen finn det nødvendig.

Ei adresseendring er eit enkeltvedtak på line med adressetildeling og blir varsla på same måte.

For rådmannen

Brit Marit Knudsen  
Saksbehandlar teknisk